

Rapport til undervisningsbesøk i DAT390 (25. september 2023)

Undervisar og rapportør: Martin Thomas Horsch; besøkjande: Eirik Valseth

Rammevilkår: Deltakarane i DAT390 («Seminar datavitskap») er, med nokre unntak, dei studentane innan det 2-årlige eller 5-årlige masterstudiet i datavitskap som skal skrive eit masterarbeid i det fylgjande semesteret, dvs. vår 2024. Emnet tel som 10 studiepoeng, og undervisninga føregår på engelsk. Halvparten av kvar (to timars) samling består i diskusjon om forskellige aspektar av akademisk arbeid, i den andre halvparten held studentar korte høglyspresentasjonar, kvar med oppfylging av ein fellesvurderar. I opphavet var det 55 påmelde studentar, og til slutt blei det 44 som nå skal levere ein rapport. Medan rapporten er individuelt arbeid, var det mykkje i DAT390 som gjorde det som gruppearbeid. Fyrsteparten av samlinga på 25. september gjaldt etableringa av desse gruppene (den andre parten bestod av høglysforedrag som normalt). Rommet var u328 i urbygninga. Det deltok kring 30 studentar.

Forløp: Den fyrste timen (14.15 - 15.00) bestod av fire delar:

1. Forklaring kva som er obligatorisk i emnet, og kva som ikkje er obligatorisk.
2. Oversikt om kven som skal rettleie studentane sine masterarbeid.
3. Gruppeetablering (hovudpoenget til samlinga). Gruppene var fastsette i førevegen. Studentane blei bedne om å setja seg rundt åtte bord, eit per gruppe, og gje ein «elevator pitch» til ein nabo. Etterpå skulle dei vidarefortelja det til sin annan nabo.
4. Samandrag om korleis deltakarane skulle skrive korte litteraturstudiær.

I den andre timen (15.15 - 16.00) skulle fem studentar halde kortforedrag. To av dei kom ikkje. (Det var generelt et fenomen i DAT390 at nokre studentar som var påmelde, faktisk ikkje deltok.) Dermed blei det ikkje så hektisk, folk fekk nok tid til å presentere og diskutere.

Tilbakemelding: Eirik gav meg tilbakemelding både muntleg og skriftleg. Hovudsakleg peika han på positive ting som t.d. at forventingane blei kommisert klart til studentane, og at oppsettet åt klasserommet var vel tilpassa det som skulle gjerast i grupper. Ein kan isolere to punkt der evalueringa såg meir kritisk ut:

1. Det var to studentar som skulle presentere, men ikkje møtte opp.
 - Det finst sikkert ein måte å behandle dette betre, sidan dei vedkomande ikkje deltok i DAT390 i det heile tatt - slike studentar kunne ha vorte identifiserte i forkant.
2. Emnet er veldig diskusjonsorientert, men det er noko som ikkje ligg for alle deltakarar i samme grad - det er folk som er meir sjenerete og ikkje seier ifrå.
 - Det stemmer, og det finn eg ikkje eit enkelt didaktisk svar på. Noko for PPUN400.

Poeng som skal vektleggjast: Det er ikkje ein stor kultur av open fagfelleskritikk i høgskuleundervisning. Dermed kan ein ikkje forvente mange konkrete kritikkpunkt eller forbedringsforslag ut av ei slik øving. Samstundes er dei to ovanfor nemnde merknadene ikkje verdilause, og det er mykkje angåande DAT390 som ikkje fungerer greitt. Etter mi oppfatning tarvst det ikkje eit emne der femti studentar held føredrag til einannan - noko slikt er ikkje seriøst som «seminar». Det er fleire innan datavitskap som er einige i det, medan andre er opptekne av å behalde emnet slik det er. Det lyt vurderast vidare framover.

Rapport – gjennomføring av undervisning og tilbakemelding på den

I løpet av kurset skal du ha en annen deltaker på besøk i en undervisningsseanse (i utgangspunktet en dobbelttime). Dere avtaler dette i løpet av den første samlingen.

Dere går fram slik

Forberedelse

Dere treffes litt tid før undervisningen skal starte. Den som skal undervise sier hva haun særlig ønsker tilbakemelding på.

Undervisning og observasjon

Den som skal undervise, gjennomfører undervisningen.

Den besøkende observerer og noterer det haun legger merke til som kan være momenter i tilbakemeldingen.

Evaluering

Etter undervisningen går dere sammen om å se på hvordan den forløp. Først sier den som har hatt undervisningen noe om hvordan haun opplevde den og det å ha en besøkende til stede.

Så kommer den besøkende med sine synspunkter, basert på kriterier.

Til slutt sier den som er blitt hørt på, noe om hvordan haun opplever tilbakemeldingen.

Rapport

Innhold

Du som har undervist og blitt hørt på, skriver en rapport om dette. Rapporten skal si noe om

- Omstendighetene rundt undervisningen, dvs. hva slags studenter det var (hvor mange, hvilket nivå), hva slags fag og tema, hva slags lokaler, hvor mye tid,...
- Hvordan undervisningen forløp
- Tilbakemeldingen fra den som var til stede
- Hva av tilbakemelingen du vil legge særlig vekt på i din videre undervisning.

Omfang

En A4 side, med vanlig 12 punkt, linjeavstand 1.15, marger 2,5 cm.

Levering

Innen fredag 31. mai 2024, i mappe i Canvas.